



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	
Sakshandsamar:	Sektor oppvekst	Kristin Moe
	Arkivnr.: 15/3733	Klassering:

Etablering av kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule blir etablert frå og med hausten 2016. Rådmannen førebur denne prosessen.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Rådmannen har tatt initiativ til å etablere eit kommunalt foreldreutval for barnehagane og skulane i kommunen. Dette for å styrkje dialogen mellom føresette og kommunen, ved å etablere møteplassar for refleksjon og medverknad inn mot utvikling og prioriteringar innafor fagfeltet. Rådmannen ønskjer å leggje til rette for at føresette kan samarbeide på eit overordna nivå, på tvers av kommunale og private barnehagar og skular, som også inkluderer samarbeid inn mot stab oppvekst og rådmannsnivået.

Denne saka har no vore til høyring, og saka kjem opp til Levekårsutvalet for endeleg avgjerd.

Det har kome inn tre skriftlege høyringsinnspel til saka, frå SU ved Alversund skule, SU/SKMU ved Myking skule og SU i Juvikstølen barnehage. Dei er alle positive til at det blir etablert eit kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule i Lindås kommune.

SU ved Alversund skule støttar rådmannen sitt framlegg slik det ligg føre.

SU/SKMU ved Myking skule ser det som positivt at det blir oppretta eit samarbeidsorgan på kommunenivå, men meiner at alle skulane må bli invitert med deltakarar. Det blir peika på at krinsane kan ha ulike utfordringar og prioriteringar for sine barne- og ungdomsmiljø. Vidare seier

SU/SKMU ved Myking skule at eit slikt fellesorgan skal vere eit forum for drøfting og innspel, men kan ikkje overta roller og rettar som skulane sine egne råd og utval har etter opplæringslova.

SU i Juvikstølen barnehage er positive til framlegget frå rådmannen, og seier dette vil gje høve til at alle har ei stemme i nn mot kva som angår barn og oppvekst.

Om framlegg til mandat seier SU i Juvikstølen barnehage at ein bør vekte tal representantar frå krinsane inn mot tal barn/barnehagar/grunnskular i dei ulike krinsane og at kvar krins skal ha representantar frå kommunal barnehage, barneskule og ungdomsskule, samt privat barnehage og ungdomsskule. Det øvste talet for representantar rå ein krins vil då variere frå 3-8 deltakarar. Utvalet seier det likevel er viktig at gruppa (kommunalt foreldreutval) ikkje blir for stort. Dei seier det er ønskeleg at Levekårsutvalet har ein fast representant i utvalet.

Om arbeidsform i foreldreutvalet, rår SU i Juvikstølen barnehage til at ein har faste møte kvart kvartal. Dette for å sikre kontinuitet i arbeidet.

SU i Juvikstølen barnehage peikar på at det er uklart kven som skal leie foreldreutvalet.

Vurdering

Høyringsinnspela støttar opp om etablering av kommunalt foreldreutval. Dette er i samsvar med munnlege tilbakemeldingar som er gitt frå andre som ikkje har sendt inn skriftleg uttale. Med dette finn rådmannen at det er grunnlag for å etablere eit kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule i kommunen.

SU/SKMU ved Myking skule peikar på at alle skulane må få ein representant inn i utvalet.

I utvalet er det frå rådmannen si side tenkt plass til både barnehage og skule, private og kommunale. Om alle barnehagane og skulane i kommunen skal ha ein deltakar inn i utvalet, vil dette utgjere om lag 25 representantar. Saman med eit par personar frå kommuneleddet, så er ein tett opp mot 30 representantar. Dette vil sikre alle barnehagar og grunnskular i kommunen ei stemme inn i utvalet, men vil verke inn på kva form ein kan ha på samarbeid og dialog.

SU i Juvikstølen barnehage peikar på at utvalet ikkje må bli for stort. Rådmannen vurderer at det då ligg til grunn ein tanke om at færre deltakarar kan samarbeide på ein annan måte enn ei større gruppe.

Om foreldreutvalet består av representantar frå kvar ungdomsskulekrins, og både private og kommunale barnehagar og skular skal vere representert, får ein minst 3 deltakarar frå Ostereidet krins og 5 deltakarar frå Knarvik og Lindås krinsar.

Rådmannen vurderer at det er grunnlag for å gå vidare med arbeidet for å etablere eit kommunalt foreldreutval for barnehage og skule, og at ein bør ha som målsetjing å ha utvalet på plass til hausten. Rådmannen ønskjer å sjå vidare på tal deltakarar i utvalet samt mandat for arbeidet i førebuingssprosessen.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost